


Vestre trase



Slik kjem den vestre traseen inn

Utbyggjaren av kraftverk i Eikeelva, Demenskraft, meiner det av mange ulike grunnar er betre å gå på vestsida av elva. Imidlertid opnar konsesjonen berre for austsida. Her er nokre av grunnane slik sivilingeniør Rolf Sven Amundsen i Demenskraft summerar dei opp:



Slik kjem den austre traseen inn

- * Rørtraseen vert 130 meter lenger på austsida og det betyr større inngrep.
- * Prosjektet vert betydeleg dyrare på austsida både på grunn av lengden på traseen og vanskeleg terreng rett nedafor dammen og rundt Svidhaugen.
- * Naturmangfoldet er større og rikare på austsida.
- * Det ligg kulturminner på austsida.

* Det er vanskelegare å legge rørgata på austsida utan å forureina drikkevattnet og det kan verta problem i mange år etterpå. Fleire bekker og tilsig må kryssast på austsida. På vestsida vert rørgata på ein lengre strekning liggjande utanfor nedslagsfeltet til elva.

* Planen er å leggja felles røyrledning frå vassverket til kraftstasjonen då vassverket har trong for å bruka hovudvassleidningen. Dette vert vanskeleggjort med aust-alternativet.

Turstien og turopplevlsen er hovudargumentet til NVE, men her peikar utbyggjaren på som ein påstand at fleire går stien på vestsida. På kartet finn ein ikkje stien på vestsida, men på austsida er den teikna inn på dei fleste kart.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen